



Møtenummer: 5/19
Møtetid: 28.10.2019 kl 0830-1400
Stad: Beitostølen
Møteleiar: Jarle Skartun
Referent: Karina Nerland

AGENDA

Faste deltakarar
Namn
Steinar Søgaard (Aurland), Svein Arne Skuggen Hoff (Balestrand), Kjellaug Brekkhus (Høyanger), Jarle Skartun (Luster), Arne Johansen (Lærdal), Ole Gunnar Krakhell (Sogndal), Odd Arve Rakstad (Leikanger/nye Sogndal) og Øistein Søvik (Vik).
Forfall
Arne Johnsen (Lærdal), Ole Gunnar Krakhell (Sogndal) og Stig Stark-Johansen (Årdal)
Andre
Karina Nerland, dagleg leiar Jostein Aanestad, rådmann Øystre-Slidre kommune (til kl 10) og Oddbjørn Ese, tidlegare rådmann Vik kommune (sak 2)

Nr	Sakliste	
1	Godkjenning av innkalling, opplegg og sakliste.	
2	Del 1 Det interkommunale samarbeidet Status, utfordringar og framtid for samarbeidet Notat om regionråda i Vestland fylke var utsendt til møtet. Innleiing om samarbeidet i Valdres v/Jostein. Presentasjon er lagt ved. Drøfting i rådmannsgruppa. Rådmannsgruppa har ei rolle for å utvikla tenestesamarbeidet i regionen som politisk nivå må kjenne til. Ønske frå rådmannsgruppa om «utvida» deltaking i rådsmøta. Deltaking vil styrka forståinga for intensjonen med vedtaka i rådet. Må bu oss på å møta regional mynde, fylkeskommune og fylkesmann, i større grad som region og i mindre grad som enkeltkommunar. Behov for administrative ressursar for å støtta arbeidet i rådmannsgruppa. Varierende medlemskap i samarbeida er ei utfordring for god og effektiv oppfølging. Rådmannsgruppa vil gje eit signal inn til regionrådet at dei bør sette i gang ei drøfting av større samla deltaking i interkommunale ordningar (ein for alle og alle for ein – i mindre grad shoppe på ulike samarbeid). Dette vil styrke regionrådet si rolle og kraft, og vi kan i større grad spele på kvarandre i arbeidet med å dele kunnskap og utvikle regionen. Potensiale for deling er større enn vi får utnytta. Kan det gjerast noko med e-dialogen/it-løysing i gruppa, Sogn regionråd har dialog med Hardanger, Voss og Vaksdal om samarbeid («utanrikspolitisk»)	Jarle
3	Referat frå siste møte, 27.8.2019. Møte i Sogn regionråd, 14.6.2019.	

	- Ingen kommentarar eller spørsmål.	
4	<p>Skog i Sogn Presentasjon og forslag til avtale var utsendt til møtet. Prosjektperioden går ut 2019. Saka har vore drøfta i tidlegare møte og rådmannsgruppa vedtok å vidareføra samarbeidet ut 2019 samt at det vert førebudd ei vidareføring frå 2020. Rådmennene slutta seg til ei vidareføring av samarbeidet. Avtalen vart signert i møtet av dei rådmenn som var tilstades og blir sendt til dei to andre.</p>	Karina
5	<p>Felles GIS-koordinator</p> <p>a) Avtalen mellom Sogn regionråd og Vik kommune går ut 2019. Avtaleutkast og notat om aktivitetar og status i samarbeidet vart sendt ut til møtet. Saka har vore drøfta i tidlegare møte og det er ønske om vidareføring. Det ligg i avtaleutkastet inne ei auke som går ut over deflatorauke grunna auke i lønsutgiftene. Rådmennene hadde ikkje merknader til avtalen.</p> <p>b) Kvalitetsheving av Matrikkel – fellesprosjekt med Simas: Det blir møte med SIMAS 4. november for å drøfta vidare arbeid. Bygningsinfoen i matrikkel ei stor utfordring i regionen. Meir info kjem i neste møte.</p>	Karina Jarle, GIS-koordinator/ Karina
6	<p>Samarbeid om innkjøp Kommunane har støtta seg på SFFI, den fylkeskommunale innkjøpsordninga som har ytt tenester til kommunane. Dette opphøyrer i utgangspunktet 31.12.19. KS i fylke har initiert eit oppfølgingsarbeidet. Det ligg føre ein rapport frå arbeidet som tilrår at Kinn/Flora etablerar ein vertskommuneordning og tilbyr seg å «overta» SFFI sine oppgåver. Rådmannsgruppa har på dei siste møta drøfta saka. Som tidlegare konkludert vil kommunane i Sogn styrka eigen kompetanse på innkjøp, innkjøpskontaktane i regionråds kommunane bør etablere eit nettverk for innkjøp. Vi treng dei tenestene vi kan få frå eit fylkessamarbeid i regi av Kinn kommune som rår over det beste miljøet og kompetansen. Kostnadane vil auke då fylkeskommunen har «subsidiert» kommunane. Høyanger stadfestar at dei vil ta eit koordineringsansvar i høve nettverk for innkjøpssamarbeid for regionen om dei andre kommunane ønskjer det. . Avtaleframlegg frå Kinn er venta å kome om kort tid.</p>	Alle
7	<p>Budsjett for Sogn regionråd 2020 – fordeling Sak om endra fordelingsmodell blir lagt fram i rådet etter drøftingar i rådmannsgruppa der løysinga 40 fast og 60 etter folketal vart trekt fram som mest aktuell. Det er tilslutting frå rådmannsgruppa til fordeling 40 % fast og 60 % etter folketal. Saka blir handsama i neste rådsmøte som vedtektsending. Sogndal kommune er utfordra på spørsmålet om administrative kostnader og kontorleige. Det føreligg forslag til reduksjon frå tidlegare møte. Det er ønskeleg med avklaring innan 15.11., frå Sogndal kommune, for å rekke budsjettsaka i neste rådsmøte.</p>	Odd Arve, Svein Arne
8	<p>Møteplan for 2020 for rådmannsgruppa Tysdagar høver og bør samordnast med tidspunkta for rådsmøta. Aktuelle datoar blir lagt fram i neste møte.</p>	Karina
9	<p>Desentralisert sjukepleiarutdanning Notat om opplegg for gjennomføring av utdanninga i Sogn var utsendt før møtet. Positive tilbakemeldingar frå høgskulen i møtet 6.9. Oppstart hausten 2021, 12-20 plassar. Imellomtida må tilsette kvalifisera seg og ta privatisteksamen. Kommunane må også ha rettleiarkompetanse. Det var ikkje merknader til det skisserte opplegget i notatet. Det blir info og dialog med</p>	Karina

	kommunalsjefnettverket helse og omsorg. Det kan vera aktuelt med frikjøp i høve koordinering og oppfølging av arbeidet, noko som ev. vert teke opp att i seinare møte.	
10	<p>Referat – tilbakemeldingar frå kommunane</p> <ul style="list-style-type: none"> – Klimatilpassingsteknologi – rapport oversendt kommunane som avtalt etter sist RG-møte samt til dette møtet. Rapporten inneheld tilrådingar der fleire av dei gjeld behov for auka kunnskap om klima og klimarisiko i kommunane og inkludera klima i planar, retningslinjer mv. Rådet har bedt rådmannsgruppa om å vurdera tilrådingane til vidare arbeid og kome med konkrete framlegg til handlingsplanen. Innspel i møtet var at <i>klimaendringar/ klimatilpassing vil bli lagt inn som mål og strategiar i neste planstrategi i kommunane.</i> – Evaluering av regionalplan: Saka oversendt kommunane i juni. <i>Kommunar som har handsama saka blir oppmoda om å gje tilbakemelding.</i> – Sogn for alle – status i arbeidet og deltaking frå kommunane: <i>Kommunane melder tilbake om deltaking i prosjektet.</i> Sak i neste rådsmøte om fullfinansiering. Aktuelle tiltak som blir førebudd og om mogleg starta før prosjektstart: språkopplæring, etableraropplæring og bedriftsnettverk for mangfaldig rekruttering – Løyving til redningssselskapet /sjøredningsbase. Ole Gunnar og Jarle har hatt møte, det ligg føre statusnotat – lagt ved dette referatet. <i>På bakgunn av dette vert kommunane oppmoda om å betale ut løyvd tilskot.</i> – Løyving til Lærdal Grønt – rådet handsamar saka i neste møtet 8.11. før den går til kommunane for handsaming. Fylkeskommunen har løyvd kr 15 mill. – Miljøretta helsevern – innspel om auka ressursar. Høyanger vurderer å vera med i tenesta i Sogn. 	<p>Alle</p> <p>Alle</p>
11	<p>Referat – orienteringar</p> <ul style="list-style-type: none"> – Rekruttering av psykologar: Status i kommunane er at det er tilsett nye psykologar i Sogndal og Lærdal. Koordinator for psykolognettverk kan lysast ut internt blant psykologane i regionen. – Planleggjarnettverket – vidareføring av regionalt nettverk: Møtereferat vart utsendt til møtet. Planleggjarane ønskjer at møta held fram for å kompensera for små fagmiljø. Rådmannsgruppa etablerer ikkje eit regionalt planleggjarnettverk i denne omgang. <i>Vil seinare ta ein nærare vurdering av kva nettverk ein skal prioritere.</i> – Nettverk for vasskraftinteressar, jf ovanfor. <i>Vil drøfte dette nærare på neste /seinare møte.</i> – Karrieremesse 2020 i regi av Framtidsfylket: Arbeidsgruppa, med deltakarar frå HR-nettverket, er i gang med å førebu opplegg og kjem til å delta på regionstanden. Fokus er å få fram dei kommunale jobbane. – Statleggjering av skatteoppkrevjinga. Svært ergeleg, men truleg lite å gjere då det er ei fleirtalsregjering som har lagt fram saka. 	<p>Karina</p> <p>Karina</p>